



Saksbehandlar: Jan Tore Rosenlund, Bygge- og eigedomstenesta  
Sak nr.: 18/7838-1

## **Utviking Firdasalen, fylkeshuset**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

1. Fylkesutvalet er innstilt på å følgje opp presenterte planar for utviking av tingsalen i Fylkeshuset, Leikanger. Jf. møtet i finansutvalet 26.09.18.
2. Fylkesutvalet ber om at prosjektet blir innarbeidd i fylkeskommunen sitt budsjett for 2019, som skal realitetshandsamast i Fylkestinget den 04.12.18.

### **Vedlegg:**

1. PowerPoint presentasjon Firdasalen, finansutvalet 26.09.2018.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Føreståande samanslåing mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar fører til at fylkestinget vert utvida til 65 personar. I tillegg til dette vil administrasjon, media og publikum være representert ved tingseta. Dagens fylkestingsal, Firdasalen, har ikkje rom for eit så stort tal personar utan at det vert smått om plassen. Fylkesrådmannen vurderer at når det nye framtidige fylkestinget for Vestland fylkeskommune skal ha fylkestingsete på Leikanger, vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre dette på ein god måte med dagens romløysing i Firdasalen.

Fylkeshuset stod ferdig i 1991 og Firdasalen har sidan den tid ikkje vore endra eller oppgradert i vesentleg grad. Fleire ting, m.a. dei tekniske anlegga, himling og inventar treng å fornyast.

På bakgrunn av dette fremmar derfor fylkesrådmannen saka om eit prosjekt på utviking og oppgradering av Firdasalen.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Bygge- og eigedomstenesta har, saman med Arkitektkontoret A38 AS, sett på korleis ein ev. kan tilpasse dagens Firdasal til å møte behovet for fylkestinget til Vestland fylkeskommune.

Det har på skissenivå vore sett på ulike alternativ for ombygging/tilpassing av Firdasalen, men fylkesrådmannen ser på den framlagde løysinga med ei utviking som den einaste reelle løysinga. Dette vil gi ei monaleg forbetring av Firdasalen som forsamlings- og møtelokale. I løysinga vert sitjeretninga i salen snudd og salen vert utvida ved å flytte ytterveggen i glas ca 2,5m mot aust. Over salen ved den nye glasfasaden vil det bli bygt eit nytt galleri inn mot det eksisterande galleriet. Skisse av løysing ligg ved saka slik den vart presentert for finansutvalet den 26.09.18.

Utvidinga av Firdasalen både utvendig og innvendig vil bli utført i same byggestil som Fylkeshuset og salen har i dag, men dagens forskrifter vert gjeldande i høve materialval og utføring. T.d. vil vindauge i fasaden få ei betre energiklassifisering med høgare u-verdi enn dagens fasade.

Tekniske anlegg vert også oppgraderte i prosjektet, der belysning og luftanlegg, samt tilførsel til nye IKT løysingar, vert lagt skjult over ny himling. Det vert og trong for brannoppgradering, m.a. av glassfasade ved rømmingsvegar. Nærare detaljeringar og avklaringar inngår naturleg i det vidare prosjekteringsarbeidet.

Om fylkesrådmannen si tilråding vert vedteken kan byggearbeida truleg starta opp i løpet av sommaren 2019. Før arbeidet kan ta til må det prosjekterast, konkurranseutsettast og kontraherast entreprenørar. Med ei antatt byggetid på 6-8 månader må det være ei målsetting at salen kan stå ferdig i løpet av 1.kvartal 2020. Tilboda og kapasiteten i marknaden kan naturlegvis påverke framdrifta i prosjektet.

Universell utforming og tilkomst vert ivareteke, og tilkomst til galleri vert løyst med heis frå vestbylen ved hovudinngangen, parallelt med ny trappeløysing.

Prosjektet vert planlagt utført utan at det skal kunne oppstå personskade. Det vert laga eigen HMT-plan og fylkeskommunen sin internkontrollplan vert nytta i planleggingsfasen for å kunne avdekke og ta i vare alle risikomoment som kan oppstå under utføringa.

Prosjektet er førebels og på skissenivå, kostnadsrekna til 9,6 mill.kr. ekskl. mva. og 12,0 mill.kr. inkl. mva. Fylkeskommunen får refundert meirverdiavgift på investeringar av denne karakter.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser det som ei god og heilskapleg løysing for fylkeshuset at Firdasalen vert utvida slik det er skissert av Arkitektkontoret A38 AS.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det totalt vert sett av 12,0 mill. kr (brutto) i budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 til ombygging og utviding av Firdasalen slik det er skildra i saka.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet gjer vedtak i samsvar med dette.